

Ole og Petrea Eriksen til minne

**Det tynnes meir og mer mellom dei gamle her på Finnsnes no.
Nyleg var det Ole Eriksen og kona hans Petrea som fikk slutte sin
lange arbeidsdag.**

**Ole Eriksen var fødd på garden Holmen i Målselv og var son til
gardbrukar Erik Olsen og kona. Da han var vaksen ardeidet han
med stor dyktighet i ymse yrker. Var med i fiskeværene som
arbeider aller aktiv deltagar i fiske. Arbeidet også med kaibygget,
veganlegg, jarnvegsanlegg og vassverk.**

**Her blei han kjent med ho som vart kona hans, Petrea Jensen,
Finnsnes. Han tok over sin svigermors eide, Hesjviknesset,
og arbeidet den opp fra villmark til eit pent bruk som til slutt
fodde hest og 4–5 kyr. Eriksen var ein drivande kar, ja det var vel
ikkje mange som kunne måle seg med han slik. Han dreiv også
heimefiske om vintrane og låg aldri på latsida. Deltok i mykje anna
arbeid. Var også i fleire år vognmann når høvet var der. En iherdig
og sjeldan trufast sliter er med han gått bort. Han var ein av dei
som har sett merke etter seg som står om enn mannen stupar. Han
vart nyleg gravlagt på Finnfjordbotn kjyrkjegard.**

**I heimen hans hadde kona, Petrea og venene deira stelt alt til til
gravferda, men denne fekk ikkjo ho oppleva. Om natta til grav-
ferdsdagen vart ho hardt sjuk og lekjaren som kom til kunne ikkje
gjera noko. Det var hjarta som svikta. Petrea var dotter til fiskar
og hovedsmann John Jensen og kona hans. Johanna. Faren døde
då ho var smågjente. Moren var enke i mange år og då Petrea gifta
seg overtok ho og mannen hennar eide. Heimen ble hennar
virkefelt som ho stelte med stor omhu. Ho var altid då og siden ei
om sorgsfull pleiesøster for John Olsen som vaks opp i heimen. Av
dei to sønnene deira bor den eldste i Sverige, den yngste bor i
heimen.**

**Ved Ole Eriksen og hustrus bortgang har Finnsnes mistet to av
sine dyktigste og driftigste borgere, mennesker som det vert et
stort tomrom etter. Både Ole Eriksen og Petrea hadde stort følge
av venner og naboor til sin siste kvilestad.**

Vi ber Gud signa deira grav og minne.

E. E.